



Tango under innøving. Gunvor Myklebust til høyre

**Røysterett for alle held seminar i Helgheim denne helga og det populære koret jobbar med ei heilt spesiell oppgave: Ein syklus på halvannan time i ord, tonar og dans som er dirigent Maria Malmstens verk og som i stor grad har henta inspirasjon i lokalmiljøet.**

**Den har fått det velklingande namnet Grendastev,mytespinn og fjordtrallar og får si urframføring under Folkemusikkveka. Syklusen vert framført i Kulturhuset på Husnes torsdag 25. oktober og får også sin Stord-versjon.**

Verket har i stor grad vorte til under Marias mange ferjereiser og ho seier at det er ei hylling til det Uskedalen-baserte koret som ho karakteriserer som 'ein fantastisk gjeng' og som ho no har dirigert i 6 år.

Denne gjengen har ho utnytta på ymse måtar, i grupper og som enkeltpersonar, og i den siste kategori er mellom andre Svein Rimestad, Jostein Grov, Haldor Tveit, Kåre og Vencke Vettrhus. Viktige ellers i produksjonen er mellom andre koreograf Magdalena From Delis, felespelar Tiril Eirunn Einarsdotter og basist Stein Haugen.

Når det gjeld melodiane er til dømes både tango, vals, polsk, hambo og bårsullar representert og dei er i stor grad lokalisert til Kvinnherad. Til dømes har Musland fått sin eigen vals! Syklusen har tilsaman 12 innslag.

Uskedalen har i det heile tatt ein sentral plass i veka. Fredag 28. oktober vert det soleis konsert og dans i Helgheim med musikk på eit svært høgt nivå.

Og Røysterett for alle skal naturleg nok delta i den avsluttande konserten på Husnes dagen etter.

Folkemusikkveka er ei stor satsing som omfattar både profesjonelle og amatørar og høgdepunkta blir mange, for å sitera ordførar Synnøve Solbakken.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ei gruppe frå koret øver i Helgheim i helga